



Knut Willie Jacobsen
Lurevegen 304
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6465 - 20/13778

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
10.03.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 238/2

Tiltak: Etablering/omlegging av veg
Byggjestad: Gbnr: 238/2
Tiltakshavar: Jan Otto Andvik
Ansvarleg: Knut Willie Jacobsen
søkjær:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.03.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Ettersom det er kommunal veg, må vegavdeling i kommunen samtykke til tiltaket. Dette må framleggjast i byggesaken.
2. Område ligg i LNF-område med spreidd bustadbygging og omlegging av veg krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå arealføremålet.
3. Ber om informasjon om lengde på veg.

Vedlagt følgjer informasjon som er sendt til vegavdeling vedr. denne saka.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.03.20.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjær om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

VS: Omlegging av kommunal veg - gbnr 38/2

Mottakarar:

Knut Willie Jacobsen

Lurevegen 304

5912

SEIM